

# **Handlingsprogram og økonomiplan 2015 – 2018**

**AVDELING 27  
Gol ungdomsskule**

**ANSVAR: 3114**

## Mål 2015 - 2018

Gol ungdomsskule sine mål er identiske med Mål for skulen i Gol, vedtatt i Kommunestyret 22.11.11, K-sak 57/11.

### HANDLINGSPROGRAM GOLUNGDOMSSKULE 2015-2016

Handlingsprogrammet føreset at det blir bygging av ny felles grunnskule og at denne skal takast i bruk frå august 2016. Handlingsprogrammet for Gol ungdomsskule vil derfor konsentrere seg om dei oppgåvene som er vesentleg for Gol ungdomsskule i perioden 2015 – 2016. Når det gjeld perioden 2017- 2018 vil dette vera utanfor myndet til rektor ved Gol ungdomsskule. Det vil ikkje vera grunnskulen i Gol som nyttar bygget etter at ny skule er etablert. Oppgåver som går på vedlikehald av bygg og anlegg vil ikkje bli tatt med i handlingsprogrammet fordi det vil då vere andre som t.d. fylkeskommunen og Læringscenteret Gol vaksenopplæring som skal drive og drifte bygget vidare etter 2016. Det blir elles vist til rapporten *Ny skule i Gol* frå september 2009 for planar om organisering og drift av i den nye skulen.

Det er naturleg å halde slike oppgåver på eit minimum, men samstundes skal bygget haldast ved like for vidare bruk. I perioden 2015 – 2018 vil det vere behov for ei oppussing av klasserom og personalavdelinga.

#### LÆRINGSUTBYTTE

Overordna mål	Delmål	Tiltak
Grunnskuleopplæringa skal leggje godt grunnlag for kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv	Skulen skal ha godt kvalifiserte lærarar på alle trinn og alle fagområde	Skulen bidrar aktivt til vidareutdanning for skulens lærarar. Bygging av ny skule blir brukt aktivt for å rekruttere fagpersonar.
	Lærarar frå 1. – 10. trinn må møtast i faglege og sosiale fora for å førebu overgangen til ny, felles skule.	Det bør innhentast ekstern fagleg bistand i prosessen med å få tilsette frå ulike skulekulturar og med ulik fagleg bakgrunn til å dra saman i oppstarten av ny skule.
Opplæringa skal sikre gode fagkunnskapar.	Skulen er ein lærande organisasjon, og lærarane utviklar seg fagleg i eit lærande fellesskap	Lærarane samarbeider på tvers av avdelingane, deler fagkunnskap og erfaringar med kvarandre.
	Halde fram med satsing på ein betre vurderingspraksis – <i>Vurdering for læring</i> Arbeide målretta for ein god og effektiv vurderingspraksis, med fokus på vurdering undervegs.	Lærarane arbeider konkret og strukturert med <i>Vurdering for læring</i> i seksjonar og på trinn, der det er meir fokus på fag, mål og vurdering.
	Organiseringa av spesialundervisning må vera fleksibel for å kunne møte elevane med tilpassa opplæring for alle	Timeressursen må vera tilstrekkeleg til å gi spesialpedagogisk tilbod i klassen eller i små grupper

## LÆRINGSSTRATEGIAR

Overordna mål	Delmål	Tiltak
Alle elevane skal få faglege utfordringar som fremjar vekst, læring og lærelyst. Alle elevar skal vera kjende med og forstå måla for opplæringa	Læringsmål i faga og kjenneteikn på måloppnåing skal bli kommunisert til elevane jamleg.	Fagplanar i norsk, matematikk og engelsk frå Drammen blir brukt aktivt i planar og i vurderinga.
Skulen skal medverke til at føresette på Gol blir aktive medspelarar i skulen og blir seg bevisste kor viktig foreldrerolla er i barns læring.	Gol ungdomsskule skal innarbeide gode rutinar for å sikre god dialog om den einskilde elev si utvikling, fagleg og sosialt, til eleven og føresette.	Utviklingssamtaler med elev og føresette 4 gonger årleg  Undervegsvurdering jamleg, etter oppsett plan frå faglærarar og kontaktlærar  Bruk av læringsplattforma It`s learning
Alle elevar skal bli seg bevisste eiga læring og få hjelp til å utvikle gode læringsstrategiar.	Lekser skal bidra til å gi elevane mengdetrening, repetisjon og innøving av gode arbeidsvanar.	Tilbod om leksehjelp på alle trinn

## LÆRINGSMILJØ

Overordna mål	Delmål	Tiltak
Skulen i Gol skal ha eit inkluderande læringsmiljø der det er rom for mangfald	Talet på elevar som kjenner seg mobba på skulen og på sosiale medier går ned.  Fysisk aktivitet skal fremje konsentrasjon, uthald og trivsel  Kulturelle aktivitetar skal fremje eit positivt læringsmiljø	Skulen arbeider med eit alternativt opplegg til MOT –programmet, som har gått ut. .  Vidareføring av ART  Dagleg fysisk aktivitet for alle elevane il@skulen  Ungdomssgrupper med helsesystemer  Elevrådsarbeid  Trivselundersøking årleg på alle trinn  Tverrfaglege møter med psykisk helsevern, ppt, politi og barnevern

Vedtak for økonomiplanperioden 2014-2017 innebar innsparingar for Gol ungdomsskule. Det vil derfor ikkje bli foreslått nye tiltak for innsparingar i perioden 2015-2016.

På grunn av bygging av ny skule, vil skulens prioriteringar for nye tiltak gjelde lønn og utstyr.

#### INVESTERING – Gol ungdomsskule sitt framlegg:

Budsjettkapittel	Nye tiltak og endringar	2015	2016	2017	2018
3114.2021	1. IKT	100	100		

#### Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2012 – 2015

##### 3114.2021 Grunnskuleopplæring

1. Det må skje ei årleg utskifting av bærbar IKT maskinvare. Vi nyttar læringsplattforma It's learning i utstrakt grad i undervisninga og kvar elev har tilgang til kvar si datamaskin. Det må kjøpast inn 15 nye bærbar maskiner kvart år. Det er då rekna med ei levetid på 3 år per bærbar PC. Midlar til gradvis utskifting av bærbar PC for lærarar og supplering av utstyr som printerar og prosjektorar er også lagt inn i denne prisen.

DRIFT - Gol ungdomsskule sitt framlegg:

Budsjettkapittel	Nye tiltak	2015	2016	2017	2018
3114.2021	Ingen nye tiltak				